

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet i Hordaland - 05.09.2019

Fylkeseldrerådet vedtok samrøystes å setje RS 21/19 Pasienttransport av eldre frå sjukehus til heimkommune på natta på sakslista for møtet utan saksførelegg.

Gunda Falao Sparre (LOP) sette på vegne av fylkeseldrerådet fram følgjande forslag:

«AU sender ei påminning til Haraldsplass DS og Helse Bergen, og ber om svar.»

Odd Gimle (SN-H) sette fram følgjande forslag:

«Fylkeseldrerådet vil, når ein har fått svar frå alle, gje beskjed til Helse Fonna og Helsedepartementet om at ein ikkje er nøgd med svaret frå førstnemnde.»

Røysting

Falao Sparre sitt forslag vart samrøysted vedteke.

Det vart ikkje røysta over Himle sitt forslag.

Vedtak

AU sender ei påminning til Haraldsplass DS og Helse Bergen, og ber om svar.